

---

Saksnr: 2021/5933-1  
Saksbehandlar: Nils Egil Vetlesand

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		02.03.2021
Fylkestinget		09.03.2021

**Strakstiltak innan opplæringssektoren****Forslag til innstilling**

Fylkestinget viser til rekneskapen for 2020 med eit mindreforbruk på 215,8 mill. kr.

Fylkestinget godkjenner at følgjande strakstiltak innanfor opplæringssektoren vert sette i verk:

Tiltak for inntil 12,9 mill. kr for å redusere talet på elevar med «Ikkje vurdert» eller stryk. I dialog med hovudutval for opplæring og kompetanse får fylkesrådmannen fullmakt til å disponere midlane.

Andre strakstiltak for inntil 20 mill. kr for å motverke effektar av koronapandemien for elevane og lærlingar i vidaregåande opplæring knytt opp mot psykososiale tilhøve. I dialog med hovudutval for opplæring og kompetanse får fylkesrådmannen fullmakt til å disponere midlane.

Fylkestinget viser til sak om godkjenning av rekneskapen for 2020 på fylkestingssamlinga i juni og kjem attende til finansiering av tiltaka i denne saka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesrådmannen orienterte i fylkesutvalet sitt møte 18. februar 2021 om rekneskapsresultatet for 2020 for Vestland fylkeskommune.

I samband med orienteringa kom det fram at fylkesrådmannen skulle leggje fram sak om strakstiltak for å motverke effektar av pandemien i opplæringssektoren finansiert av mindreforbruket i 2020 på 215,8 mill. kr.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har kompetanse til å gjere vedtak.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Forskottering av disponering av mindreforbruk 2020.

**Klima:** Ikkje aktuelt

**Folkehelse:** Tiltak for å sikre gjennomføring av vidaregåande opplæring og merksemd på psykisk helse hos ungdom er viktig for å motverke fråfall og utanforskap og kan soleis ha potensielt stor innverknad på den generelle folkehelsa i fylket.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Dei skisserte tiltaka støttar direkte opp om mål 4 i utviklingsplanen om å sikre like moglegheiter til å delta i verdiskaping gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

Strakstiltak

Rekneskapan for 2020 for Vestland fylkeskommune vart lagt fram 17. februar 2020. Fylkesrådmannen orienterte om rekneskapan i møte 18. februar der det vart opplyst om eit samla mindreforbruk på 215,8 mill. kr i 2020. Fylkesrådmannen viste til at ein del av mindreforbruket skuldast effektar av koronapandemien innan ulike sektorar, m.a. opplæringssektoren.

Opplæringssektoren hadde eit mindreforbruk på 47 mill. kr i 2020. Ein stor del av dette kjem som følgje av pandemien der ein t.d. har mindreutgifter til tiltak innan rettleiingstenesta, unytta midlar til privatisteksamen og mindre bruk av midlar enn budsjettert til kompetanseutvikling.

Hovudutval for opplæring og kompetanse drøfta situasjonen for elevane i den vidaregåande skulen på møte 17. februar 2021. Ein hadde særleg merksemd på utviklinga i psykisk helse for elevane og læringane og utvalet kom med følgjande oppmoding til fylkesutvalet:

«Krafttak for psykisk helse

Mange barn og unge har hatt en svært krevende tid det siste året. Smitteverntiltakene har lagt begrensinger på sosial omgang og fritidsaktiviteter, og bruken av hjemmeskolen har til tider vært utbredt. Helse Vest melder om et økende antall barn og unge som lider av depresjon, håpløshet, spiseforstyrrelser og selvskading. Skolebyråden i Bergen, Endre Tvinnereim (Ap), sier han er alvorlig bekymret for hvilke konsekvenser hele perioden har hatt for barn og unge.

Det er viktig at fellesskapet stiller opp for de mest sårbare ungdommene, og fylkeskommunen må ta et særlig ansvar for ungdommene innenfor sitt nedslagsfelt. Fylkesrådmannen blir derfor bedt om å vurdere ekstra tiltak som kan gi et løft for de ungdommene med størst behov og de som er særlig rammet av smitteverntiltakene. Dette kan eksempelvis kanaliseres gjennom produksjonsskolen, SEFF, skolepsykologene, miljøarbeidere, Røde Kors eller andre tiltak som er egnet for å nå frem til disse ungdommene. Fylkesutvalget oppfordres også til å følge opp saken.»

Statleg kompensasjon

Stortinget løyvde 19. desember 2020 som del av ein krisepakke 100 mill. kr til fylkeskommunane til tiltak innan opplæringssektoren. Vestland fylkeskommune fekk 12,9 mill. kr av denne summen. Løyvinga vart gjeven som frie inntekter til fylkeskommunane og vart dermed rekneskapsført som ein del av rammetilskotet for 2020. I og med at løyvinga frå Stortinget kom etter siste møte i fylkestinget, var det ikkje budsjetteknisk mogeleg å tilføra summen til opplæringssektoren, men den inngår som del av mindreforbruket på 215,8 mill. kr.

Fylkesrådmannen vil foreslå at den statlege kompensasjonssummen på 12,9 mill. kr vert nytta til strakstiltak innan opplæringssektoren og konkret sett av til å redusere talet på elevar som får «Ikkje vurdert» eller stryk. Pandemisituasjonen har ført til urovekkjande auke i denne elevgruppa og det er viktig å setje inn avbøtande tiltak snarast råd.

I og med at dette gjeld konkrete tiltak knytt til einskildelevar vert det foreslått at fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere midlane i tett dialog med hovudutval for opplæring og kompetanse.

Positivt resultat i opplæringssektoren

Opplæringssektoren hadde som nemnt eit positivt budsjettavvik på 47 mill. kr i 2020. Fylkesrådmannen viste i orienteringa til fylkesutvalet om rekneskapen at ein god del av denne summen har samanheng med koronapandemien.

Oppmodinga frå hovudutval for opplæring og kompetanse ovanfor viser til sterk uro for den psykiske helsetilstanden hos elevar og lærlingar.

Nokon skular i Vestland har hatt mange periodar med raudt driftsnivå og skolestenging. Elevane på desse skulane har hatt heimeskule i lange periodar. Til desse elevgruppene må det rettast særlege tiltak for å styrka psykisk helse og læring.

Det er viktig å setja i verk tiltak som styrker elevanes tilgang til sosiale møteplassar og oppfølging for å betra psykisk helse. Etter samråd med rettleiingstenestene og rektorane blir det foreslått at følgjande tiltak blir sette i verk så raskt som mogleg for elevar og lærlingar:

- Open skule på ettermiddagar
- Open skule i vinterferien
- Ulike aktivitetar på skulene
- Leksehjelp
- Webinar om psykisk helse til dei tilsette i skulane
- Webinar om psykisk helse til lærebedrifter og opplæringskontor
- Webinar om psykisk helse som kan nyttast i samband med foreldremøte
- Støttetelefon for elevar og lærlingar som treng nokon å snakke med
- Tett oppfølging av elevar og lærlingar frå rettleiingstenestene og skulane
- Samarbeid med frivillige organisasjonar om ulike aktivitetar og tiltak

Fylkesrådmannen vil ut frå dette foreslå at ein i denne omgangen set av 20 mill. kr av det positive budsjettavviket i opplæringssektoren til ulike strakstiltak.

Sidan det hastar å få sett i gang aktuelle tiltak, jfr. initiativet til hovudutvalet, vert det foreslått at i dialog med hovudutval for opplæring og kompetanse får fylkesrådmannen fullmakt til å disponere midlane.

Finansiering

Fylkesrådmannen vil kome attende til finansiering av strakstiltaka i saka om godkjenning av rekneskapen for 2020 i fylkestinget i juni. Det vert då i godkjenningssaka teke med at 32,9 mill. kr av det samla mindreforbruket på 215,8 mill. kr vert disponert til desse tiltaka.